



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Sundag 12. januar kl.20.00
Stad:	Digitalt på google meet
Tilstades:	Marius Johannessen, Anna Tveit, Magnus M. Aronsen, Magnus Molland (vara med stemmerett), Karoline J. Midtlid (vara med stemmerett)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	Øyvind Gulliksen, Harald-Andreas Hansen (vara), Jakob Løve Rud (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 01/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 02/2025	Godkjenning av referat frå styremøte 09.desember 2024
RK-sak 03/2025	Rekneskap for 2024
RK-sak 04/2025	Budsjett for 2025
RK-sak 05/2025	Terminliste for 2025 og våren 2026
RK-sak 06/2025	Orienteringssaker til kretstinget
RK-sak 07/2025	Rapport og driftsplan frå hyttevertane
RK-sak 08/2025	Forslag frå valkomiteen
	Eventuelt

RK-sak 01/2025: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste kom ikkje ei veke på forhånd. Kretsstyret vart informert om dette på forhånd.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknaden over.

RK-sak 02/2025: Godkjenning av referat frå styremøte 09. desember 2024

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 09. desember 2024 vert godkjent.

RK-sak 03/2025: Rekneskap for 2024

Kretsleiar presenterte rekneskapen for 2024.

Det er ikkje søkt om stønad frå Vestland fylkeskommune i 2024, då dette vart gløymt.

Det er i år brukt mykje pengar på speidartinget og forum.

Dei budsjetterte midlane til oppgraderingar, reparasjon o.l på Hedleitun og Lier er ikkje brukt.

Elles er det ingen store avvik i rekneskapen i forhold til budsjettet.

Kretsstyret har ingen merknadar til rekneskapet for 2024.

VEDTAK: Rekneskap for 2024 vert godkjent.

RK-sak 04/2024: Budsjett for 2025

Forslag til budsjett for 2025 vert lagt fram for kretsstyret.

Kretsstyret har følgande merknadar/endingar:

- Auke post 3420 «tilskudd bygg og eiendeler» til 100 000kr.
- Auke post 5000 «Lønn til ansatte» fra 85 000 til 100 000kr.
- Auke 6600 reparasjon og vedlikehold av bygninger til 300 000kr.

Kretsstyret ynskjer å legge opp til ein diskusjonssak på årsmøtet om kor mykje pengar me skal bruke på Lier og Hedleitun, og til kva.

VEDTAK: Budsjettet vert godkjent med endringane ovanfor.

RK-sak 05/2024: Terminliste

Kretssekretær la fram forslag til terminliste. Hyttevertane har ikkje gitt tilbakemelding om kva dato dei ynskjer for dugnad på Hedleitun.

Kretsstyret har ikkje merknader til terminlista.

VEDTAK: Forslag til terminliste vart godkjent slik den er lagt fram.

RK-sak 06/2024: Orienteringssaker

Kretsstyret ynskjer å ha følgande orienteringssaker på kretstinget.

- Hedleitun
 - o Rapport
 - o Framdriftsplan

- budsjett
- Lier
 - Rapport
 - Framdriftsplan
 - Budsjett
- Informasjon frå kretsen
 - Komitear og utval
 - Kretskonkurransen
 - Vasskjelde på Lier

VEDTAK: Orienteringssakene vert ført inn i sakspapira til kretstingets årsmøte.

RK-sak 07/2024: Rapport og driftsplan frå hyttevertane

Hyttevertane sin rapport og driftsplan med budsjett vart presentert for kretsstyret.

I rapporten fortel hyttevertane kva som er gjort på Hedleitun i 2024. I tillegg har dei laga ein plan for kva dei ynskjer å jobbe med i 2025, og eit budsjett for dette.

Sjå vedlegg for meir informasjon.

VEDTAK: Kretsstyret tek rapporten, framdriftsplan og budsjettet frå hyttevertane til orientering, og føreslår å setje av 250 000kr til reparasjon og vedlikehald av bygningar i budsjettet for 2024.

RK-sak 07/2024: Forslag frå valkomiteen

Valkomiteens forslag til valet 2025 vart presentert for kretsstyret.

Kretsstyret har ingen merknader til lista.

Det manglar framleis nokre kandidatar, både i kretsstyret, i valkomiteen og ein hyttevert.

VEDTAK: Valkomiteens forslag vert godkjent. Kretsstyret oppfordrar valkomiteen til å arbeide vidare med dei ledige verva fram mot kretstinget, i tillegg til å informere gruppene om ledige verv.

Eventuelt

- **Fordeling av oppgaver under kretstinget:**
 - Konstituering – Marius
 - Årsmelding- Marius
 - Orienteringssaker – komitéleiarar og kretssekretær.
 - Rekneskap - Anna
 - Terminliste – Magnus Molland
 - Budsjett – Anna og Marius
 - Val – valkomiteen
- Kretssekretær har fått beskjed om at Tor Olav trekker seg frå sitt verv som hyttevert. Han har to år igjen av sitt verv. Kretssekretær informerer valkomiteen.
- Nokre roverar har uttrykte før jul eit ynskje om å arrangere roverting i forkant av kretstingets årsmøte. Kretsstyret har ikkje høyrte noko meir om planlegging og gjennomføring av dette. Marius undersøker kva som er status på dette.

- Det er ikkje lagt planar for emnekurset som skal arrangerst fredagen før kretstinget. Kretssekretær høyrer med Utval Speiding om dei har nokre idear.